



Belgiarane fann seg vel til rette på Eiklandet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bygdeutviklingsprosjektet under Uskedalen Utvikling arbeider mellom mangt anna også med rasteplassar, som er eit særst forsømt kapittel i Kvinnherad. Prosjektet er i god dialog med vegvesenet om opparbeiding og skilting. Dette året er plassen framføre orienteringstavla/gamleskulen prioritert. På andreplassen på prioritetslista ligg den fine plassen på Eiklandet, der grunneigar Elin Enes har gjeve klarsignal for sin del.

At plassen kan bli populær, fekk vi eit noko spesielt døme på denne helga, då eit belgisk selskap med to bubilar og ein kassevogn slo seg ned der.

Grunneigaren hadde ikke gjeve klårsignal, det var med andre ord det som kallast villcamping. Uskedalingane er eit gjestfritt folkeferd og turistane vart ikke bedne om å fjerna seg.

Men når rasteplassen er skikkeleg opparbeidd og skilta, vil det ikkje vera lovleg å campa der.